

# PROTOKOLL

<b>REGIONUTVALG NORD-NORGE</b>	
<b>Møtested:</b>	Radisson Blu Hotel i Bodø
<b>Dato/tid:</b>	13. mars 2018 kl 10.45 – kl 16.00
	<b>Protokoll: 01/18</b>
<b>TIL STEDE:</b>	
<b>Arbeidsutvalg Nord-Norge:</b>	Svein Slåtsveen, Endre Østbø, Ragnhild Engan, Birgitte Rørvik-Bruun, Bjørn Arne Skoglund og Bente Børsheim.
<b>Regionutvalg Nord-Norge:</b>	Stine Jelti, Jan Håland, Karl Even Paulsen, Morten Fredriksen, Per Johnny Lyngmo, Paul Johansen, Endre Borch, Kristian Rognli, Jan-Tore Aronsen, Geir Tommy Pedersen, Jens Olav Løvlid, Lisa Tollefsen, Martin Ness, Vegard Svendsen, Bjørn Andor Hanssen, Birgitte Rørvik Bruun, Anders Stavrum Larssen, Grete E. Arntsen, Elin Hansen Vik, Einar Kristiansen, Knut Joakimsen, Glenn Peter Knædal, Bjørn Arne Skoglund, Leif-Kåre Halvorsen, Ole Martin Kristoffersen, Ragnhild Engan, Ole Magne Berg, Øyvor Åsbakk, Kjell Larsen, Frøydis Forsmo, Bjørn Vilhelmsen, Hans Elling Angell, Jørn Ellingsen, Kjell Magne Sandmo, Kåre M. Gjesbakk, Aleksander Lillevik, Liv Kari Huskebakk, Merethe Hjerpbakk, Lars Petter Røssvoll, Endre Østbø, Olaf Paulsen, Hugo Mørk, Peter D. Nikolaisen, Bente R. Børsheim, Håvard Knygh, Roy Harry Dypaune, Anne-Maren Govasli, Bernt Andreassen, Bernt S. Skarstad, Lillian Sæterstad, Lisa Juliussen, Berit Hundåla, Frode Bjørnå og Siv T. Gulbrandsen.
<b>Valgkomité Nord-Norge:</b>	Einar Kristiansen og Jan Håland
<b>Andre:</b>	Berit Hundåla (sentral valgkomité) og Tove Kristine Baustad (gjest)
<b>Forfall:</b>	Bjørn Tore Søvting, Anne May Olli (vara Karl Even Paulsen møtte), Torstein Hanssen, Kristian Olaussen, Elisabeth Salo, Bernhard Halvorsen (vara Bjørn Andor Hanssen møtte), Yvonne Kvernmo, Rune Sandvik, Christian Killengreen, Fred Tore Fagereng (vara Knut Joakimsen møtte), Ketil Christoffersen (vara Bjørn Vilhelmsen møtte), Odd Even Pedersen (vara Lars Petter Røssvoll møtte), Erling Rune Tømmervik, Yngve Herigstad, Bjørn Torstein Arnes, Roger Elvheim, Wanja Rakvaag (regional valgkomité), Ajna Nystad (regional valgkomité), Øyvind Knapstad (regional valgkomité), Liv Julie Wågan (kontrollkomitéen) og Arne Flatmo (tilførselsleiar).
<b>Konsernstyret:</b>	Merethe Sund
<b>Administrasjonen:</b>	Mads Bendixby, Svein Inge Jakobsen og Brit Kari Eidseflot Hauger
<b>Referent:</b>	Brit Kari Eidseflot Hauger

<b>Sak nr</b>	<b>Sak</b>
<b>1</b>	<p><b>Konstituering av møtet</b></p> <p>Svein Slåtsveen ønsket velkommen og føretok opprop.</p> <p>Berit Hundåla kom med innspel om at det burde ha vore gåve til alle oppmøtte, og særleg til nyvalde, som pins, vedtekter, profileringskle.</p> <p>Ingen merknader elles til innkalling og sakliste.</p> <p><b>Vedtak:</b>  <b>Innkalling og sakliste vart godkjent.</b>  <b>Håvard Knygh og Merethe Hjerpbakk vart valt til å godkjenne protokoll saman med møteleiar.</b></p>

<p>2</p>	<p><b>Årsmelding og rekneskap for Nortura SA</b></p> <p>Merethe Sund orienterte om resultat 3. tertial og året samla, årsresultat EBITDA, hovudforklaringar på resultatsvikten i 2017, konsernbalansen, tilleggsytingar ut over nettonoteringspris og forslag til disponering av årsresultat. Vidare at det finnast lysglimt, og kva styret må ha fokus på framover.</p> <p>Brit Kari ga ei oppsummering frå kretsmøta si behandling.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar frå fylgjande:</u> Vegard Svensen, Roy Harry Dypaune, Einar Kristiansen, Jens Olav Løvlid, Bernt Skarstad og Jan Håland.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva er fond for vurderingsforskjeller?</li> <li>• Kva vert prisen på NOVA? Må vi gjere dette no? Dagens system fungerer vel?</li> <li>• Bekymra for EK-utviklinga. Dersom vi kuttar i tilleggsytingane, og heller praktiserer etterbetaling pr kg levert vare, vil vi ha meir forutsigbarheit. Er utfordrande i fht konkurrentane. Kvifor får eg ku/kalv-tillegg? Har vi råd til det?</li> <li>• EMV: Kor stort omfang er det? Har vi Nortura-merke på EMV? Coop-butikken seier at mykje av Gilde-varene vert nulla ut, til fordel for EMV, må sjåast på. Medlemskapitalkonto: Vere eit val om den skal utbetalast eller ikkje? Klarer vi fortløpande forpliktingar, eller nyttar vi kassakreditt? Må vi ta varer frå konkurrentane, som dei ikkje får selt? Coop sine wienerpølser har pakningar med fargar som liknar Gilde.</li> <li>• Kva kostar NOVA-prosjektet, og estimert forteneste?</li> <li>• Uttale vedk grossistdistribusjon vart også støtta av Finnmarkskretsane.</li> <li>• Forslaget til uttale vedk grossistdistribusjonen vart for seint utsendt til dei fyrste kretsmøta.</li> </ul> <p>Mads Bendixby og Merethe kommenterte og svarte på spørsmåla.</p> <p><b><u>Vedtak:</u></b>  <b>Regionutvalet tek gjennomgangen av årsmelding og rekneskap, samt oppsummeringa frå kretsmøta til orientering.</b></p>
<p>3</p>	<p><b>Nortura Tiltaksprogram 2018 - 2020</b></p> <p>Mads Bendixby orienterte om at resultatnivå 2017 ikkje er berekraftig, med dagens forhold mellom gjeld og resultat. Kva gjer vi? Hovudtema frå ny konsernstrategi. Jobbar på mange område i forbetningsprogrammet, med prioriterte tiltak. Verdikjedeoptimalisering handlar om å maksimere verdien av Nortura sin råvaretraum. Berekraftig distribusjon, svinn i verdikjeda med tiltak og oppfølging kvar dag, vi ryddar og forenkler sortimentet, redusere personalkostnader, kva er den billegaste måten å reise til møte på – kan telefonmøter brukast? Kva skal til for å lukkast?</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar frå fylgjande:</u> Roy Harry Dypaune, Vegard Svensen, Svein Slåtsveen, Per Johnny Lyngmo, Geir Tommy Pedersen, Jens Olav Løvlid, Glenn Knædal, Berit Hundåla, Kjell Magne Sandmo, Einar Kristiansen, Jan Håland og Frøydis Forsmo.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Innstramming skulle vore gjort i 2015</li> <li>• Har vi salgbare objekt?</li> <li>• Når skal vi slutte å sende råvarer frå Nord til foredling i sør? Produsere og foredle varene i Nord?</li> <li>• Kor ofte vert det evaluert kva produkt som det er sal på? Kvifor ikkje sett i verk tiltak tidlegare for å stoppe resultatutviklinga?</li> <li>• Kvar er svikten og kvar er auken i produksjonen av småfe, som er grunnlaget for fabrikkstrukturen? Fleire kubønder legg om til sau. Kva er analyseverktøya for å sjå utviklinga? Marknadsregulatorrolla er eit politisk spm. Må vurdere om Nortura fortsatt skal ha det? Tilstrekkeleg med tilførsler? Framtida: Vekst i nettsal? Eigen distribusjon? EMV er også eksklusive varer no. Satse meir på det for Nortura?</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Butikkane er opptatt av kortreist mat, men ensar det ikkje når det er produsert av eit konsern. Import: Islandskvoten må vi unngå. Kva får vi inn på lukka import t.d. av Halalslakt? Svarast</li> <li>• Kva er tanken bak at Nortura har eigarandelar i Telespor? Skal Nortura tene pengar på sal av radiobjeller til eigarane? Svarast</li> <li>• For 10 år sidan påpeika at vekst i selskapet må ha fokus, etter å ha selt anlegg. Må kunne forutsjå marknad og kjedemakt. I fjor vart det etterbetaling, og berre eit halvt år etter økonomiske utfordringar. Styre og leiing må sjå framover og tenke langsiktig, ikkje etter innfallsmetoden. Marknadsregulatorrolla er viktig å behalde.</li> <li>• Prisen på slakta og tilleggsytingane kan ikkje verte redusert meir. Må ta ut meir i pris til kjedene.</li> <li>• Har leiinga så sterk rygg at de torer å ta kampen med kjedene vedk distribusjonen? Stemmer talet for reguleringslageret av småfe?</li> <li>• Kan mistenke at grossist forfordelar EMV-varene framfor merkevarene våre, for å få redusert pris, som konsekvens at vi ikkje lenger har kontroll på distribusjonen. Det må vi ha kontroll på. Joint marketing/betaling for hylleplass er truleg store summar. Vi må aldri gje slepp på Nortura sin rolle som marknadsregulator. Forstår at ein ikkje torer å ta alle kampar, vi som eigarar har tømt selskapet for kapital.</li> <li>• Marknadsreguleringa viktig, særleg for oss i Finnmark. Kjedene vil ha hand om distribusjonen fordi dei tener pengar på det. Nytt datasystem må få implementert sporing/ opprinnelsesmerking på lokal mat. Raske pengar: Redusere vedlikehald er dyrt dersom det fører til havari. Skjering til retur- og nisjeslakt: Vert kostnaden dekt for Nortura, eller er det ein kostnad, der vi møter att produkta i sluttmarknaden i konkurransen?</li> <li>• Korleis har ny teljedato for sau slått inn? EFTA nr fortel kvar produktet er pakka, ikkje kvar det er slakta.</li> <li>• Kor stor er EMV-produksjonen, og kven produserer vi for? Nortura har sagt opp avtalen med Islamsk råd, så vi produserer vel ikkje halalvarer?</li> </ul> <p>Mads og Merethe kommenterte og svarte på spørsmåla</p>
4	<p><b>Orientering om tilførselsarbeidet i Råvare og Medlem region Nord, samt Drift</b></p> <p>Svein Inge Jakobsen orienterte om tiltaka for forbetring i Nortura Produksjon, med 20 % kostnadsreduksjon administrativt på Bjerka, Målselv og Karasjok. Vidare om sal av kalv utanom Nortura, trass i ku/kalv-avtale. Eitt Nortura medlemssenter. Til slutt om tilførslane av storfe, småfe og gris.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Roy Harry Dypaune; Jens Olav Løvlid, Berit Hundåla, Knut Joakimsen, Einar Kristiansen, Vegard Svensen, Jan Håland, Bernt Skarstad, Frøydis Forsmo, Roy Harry Dypaune, Geir Tommy Pedersen, Glenn Knædal og Martin Næss.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Er det oppseiing av folk som gjer at det kan sparast inn 3 mill i Drift i region Nord? Går det på helsa laus for dei tilsette?</li> <li>• Er Angus-avtale på Bjerka skrinlagt? Svarast</li> <li>• Kor mykje meir gris er det behov for i Målselv?</li> <li>• Er 10 % reduksjon i skjering åleine for region Nord, eller heile landet?</li> <li>• Høyrest så enkelt ut å legge på reguleringslager, må gjerast tiltak for å redusere lageret. Færre produkt i butikk?</li> <li>• Betaler Nortura ein del av kostnaden med nisjeproduksjon?</li> <li>• Samhandling på fakturering og rekneskap som kan sentraliserast meir, eller er effekten tatt ut? Må organisasjonane i landbruket ha kvart sitt system eller kan det samordnast?</li> <li>• Eig Nortura inntransporten i Målselvområdet sjølv? Mogeleg å gjere det også på Bjerka?</li> <li>• Bør vere enkelt å finne ut kvar kalvane hamnar, basert på individmerking.</li> <li>• Medlemssenter på Rudshøgda er vel usentralt?</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vedk SAP: Viktig for styre og administrasjon å ha styringsinfo, og er rett tiltak.</li> <li>• Argument for sal av kalv til konkurrent er at dei ikkje opplever at Nortura får til sal. Horn ringer opp produsentar, og tilbyr henting.</li> <li>• Vi må ha oppdatert teknologi, men for all del ikkje implementerast i haustsesongen.</li> <li>• Kretsmøtet i Bindal var opptatt av betre tuning på livdyrformidling på storfe.</li> <li>• I fylgje livdyrformidlarar er det ein del dårleg fôringskalv for sal, ikkje enkelt å få sal på det.</li> <li>• Vi har bygd fjøsar som ikkje passar for kalv. Eg har direkteavtale om levering av kalv innan 7 dagar.</li> <li>• Tilleggsytingar er kostbart for Nortura. Når eg skal sende 12 oksar, kan eg putte på ein skranten kalv for å få 40 øre/kg i ekstra puljetillegg. Er det rett? Svarast</li> <li>• Kor mykje dyr er tatt frå Trøndelag for slaktning på Bjerka i 2017? I haust vart vi oppfordra til tidleg leveranse av sau, og det kan ikkje kome overraskande på, for vi følgde berre oppfordringa.</li> <li>• Kva kostar det selskapet at folk melder inn dyr, og så trekk heile lasset for så melde inn att på nytt?</li> <li>• Vert gjeve investeringstilskot frå Innovasjon til nye sauefjøs sørpå, fører til flytting av produksjon i fht Nord-Norge. Kva vert gjort for å hindre dreininga av produksjonen? Vore interessant å sjå tala for nisjeproduksjon, utgjør mykje av totalproduksjonen.</li> <li>• Skeivfordeling av antal rådgjevar på småfe mellom regionane, der region Nord har færrest. Behov for så mange i dei andre regionane?</li> <li>• Må verte slutt på å ha rådgjevar i nærområdet, viktigast for meg at rådgjevaren er betre enn meg, kan gjerne sitje ein annan plass i landet.</li> <li>• Nektar å tru at nokon utnyttar puljetillegga ved å sende ein kalv i tillegg til fôringsoksanen, vi bygg drifta på økonomi.</li> <li>• Slaktekostnad for norsk kvit sau og villsau har stor skilnad. Sponsar vi slaktekostnaden på villsau? Kostnaden med å ta vare på skinna som skal i retur?</li> <li>• Arktisk kje var eit samarbeid med Mydland. Vert det differensiert skjerekostnad til nisje med små slakt?</li> <li>• Kan vi få avtale med Norgesgruppen og Coop om å ta inn miljøaspektet for å bevare slaktning og produksjon i region Nord, og redusere transporten?</li> <li>• Vi må løfte fram vår produksjon og våre regionale produkt, med reinheit, naturlegheit og mykje lys og lite varme.</li> <li>• Kan ikkje skryte av verdens beste lam i regionen, når vi ikkje får tak i dei i butikkane våre. Gilde-merket står for kvalitet, og vert etterspurt. Folk er opptatt av det regionale.</li> <li>• Aron mat i Tromsø kjøper 200-250 tonn lam frå Prima Jæren.</li> <li>• Inntransport: Vi er pålagt å ha kurs for å transportere dyr. Animalia arrangerer kurs i Lakselv i neste veke.</li> <li>• Norsvin har dyktige rådgjevarar, med Norsvinskulen. Coop Prix Beiarn har fulle diskar med Hansen-produkt. Avrekningar: Vore litt rot i nesten eitt år, har ikkje mykje å gå på.</li> <li>• Griseløftet: Veldig bra jobb med besøk av rådgjevarar, i forkant av Mattilsynet. Kjøper smågris, vert kvalitetssikra av bonden og dyretransportør. Slaktegrisen vert kvalitetssikra av dyretransportør og Mattilsynet. Bør ha betre system for smågrisen.</li> <li>• Innspel til jordbruksforhandlingane frå Nord-Norge, kven har ansvar for representasjon? Samvirkeorganisasjonane var invitert til møte med Bondelaga i førre veke, men Nortura møtte ikkje. Invitasjon var sendt til Arne Flatmo.</li> </ul> <p>Svein Inge kommenterte og svarte på spørsmåla.</p>
<b>5</b>	<p><b>Open post/lokale saker</b></p> <p>Vart slått saman med førre sak.</p>

6

## Val

Det var 55 stemmeberettiga tilstades. Einar Kristiansen la fram valkomitéen si innstilling.

Spørsmål/kommentarar frå fylgjande: Berit Hundåla og Jens Olav Løvlid

- Kva er årsaka til at Ajna Nystad er innstilt for 2 år?
- Valkomitéinnstillinga manglar nokon frå Troms. Må takast tak i til neste år.

**Leiar i arbeidsutvalet:** Svein Slåtsveen, Lebesby, attval for 1 år.

Valet var skriftleg og Svein Slåtsveen vart valt for 1 år med 53 stemmer, 2 blanke.

**Nestleiar i arbeidsutvalet:** Endre Østbø, Dønna, attval for 1 år.

Valet var skriftleg og Endre Østbø vart valt for 1 år med 54 stemmer, 1 blank.

**Medlemar i arbeidsutvalet:**

**Arbeidsutvalsmedlem storfe:** Fred Tore Fagereng, Bø, attval for 2 år.

**Arbeidsutvalsmedlem småfe:** Ragnhild Engan, Hamarøy, attval for 2 år.

Begge vart samrøystes valt for oppført periode.

Øvrige arbeidsutvalsmedlemar var ikkje på val:

Arbeidsutvalsmedlem gris: Bente Børsheim, Vega.

Arbeidsutvalsmedlem egg: Bjørn-Arne Skoglund, Andøy

Arbeidsutvalsmedlem: Birgitte Rørvik Brunn, Evenes.

**Varamedlemar til arbeidsutvalet:**

**Vara arbeidsutvalsmedlem storfe:** Vegard Svensen, Lenvik, attval for 1 år

**Vara arbeidsutvalsmedlem småfe:** Glenn Knædal, Andøy, attval for 1 år

**Vara arbeidsutvalsmedlem gris:** Håvard Knygh, Sømna, attval for 1 år

**Vara arbeidsutvalsmedlem egg:** Tove Kristine Baustad, Sømna, ny for 1 år

**Vara arbeidsutvalsmedlem:** Anne May Olli, Karasjok, attval for 1 år

Alle vart samrøystes valt for oppført periode.

**Utending til årsmøtet, i tillegg til arbeidsutvalet:**

Anne May Olli, Karasjok, var ikkje på val.

**Varautsendingar til årsmøtet:**

1. Glenn Knædal, Andøy, for 1 år

2. Håvard Knygh, Sømna, for 1 år

3. Vegard Svensen, Lenvik, for 1 år

4. Tove Kristine Baustad, Sømna, for 1 år

Alle vart samrøystes valt for oppført periode.

**Valkomité i regionutvalet:**

Ajna Nystad, Skånland, attval for 2 år

Tormod Nilsen, Tana, ny for 3 år

Erling Rune Tømmervik, ny for 3 år

Alle vart samrøystes valt for oppført periode.

Øvrige valkomitémedlemar var ikkje på val:

Jan Håland, Porsanger

Øyvind Knapstad, Alstahaug

	<p><b>Leiar i valkomitéen:</b> Jan Håland, Porsanger, samrøystes valt for 1 år</p> <p><b>Nestleiar i valkomitéen:</b> Ajna Nystad, Skånland, samrøystes valt for 1 år</p> <p><b>Varamedlemar til valkomité i regionutvalet:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Lisa Tollefsen, Balsfjord, for 1 år</li> <li>2. Merethe Hjerpbakk, Hemnes, for 1 år</li> <li>3. John-Inge Henriksen, Porsanger, for 1 år</li> </ol> <p>Alle vart samrøystes valt for oppført periode.</p>
7	<p><b>Orientering frå årsmøtet sin valkomité</b> Berit Hundåla orienterte om valkomitéen sitt forslag.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Bernt Skarstad</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vert Olav Håkon Ulfsnes Nortura sin nye representant i Bondelaget sitt styre?</li> </ul> <p>Berit kommenterte og svarte på spørsmålet.</p>
9	<p><b>Arbeidet i kretsane og regionutvalet</b> Svein orienterte om arbeidet i arbeidsutvalet. Som tillitsvalde er de Nortura sitt ansikt utad, også på sosiale media. Vidare om status for pilotprosjektet Ny Giv i kretsarbeidet. For dei øvrige kretsane vil Brit Kari ha handlingsplan innan 15. mai.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Jens Olav Løvlid, Einar Kristiansen, Knut Joakimsen, Vegard Svensen og Berit Hundåla.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kan Nortura vere delaktig i aksjonane i forkant og under jordbruksforhandlingane?</li> <li>• Vi har alle ei tilknytning til eit faglag, og det bør vere dei som frontar slike aksjonar.</li> <li>• Konkurrent tek marknadsandelar, vi må ikkje slakke av på kretsarbeidet.</li> <li>• Ved kontakt med lammeringsleiarane og andre møtepunkt bør Nortura informere og bevisstgjere om viktigheita av samvirke og kvar dyra vert sendt.</li> <li>• Kretsar som har landbruksskule i sitt område bør invitere med elevane på fagmøter. I Vefsn er fagmøte sau no gjort obligatorisk for elevane. Fin arena for informasjon og oppslutning om Nortura.</li> </ul> <p>Svein og Brit Kari kommenterte og svarte på spørsmålet.</p>

Svein Slåtsveen  
(sign.)

Håvard Knygh  
(sign.)

Merethe Hjerpbakk  
(sign.)